



## Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Oddvar Mikkelsen, 6640 Kvanne	Fylkesleder	<b>Møtt</b>	41460565	oddvarm74@gmail.com
Gunnhild Overvoll, 6200 Stranda	Nestleder	<b>Forfall</b>	97164856	gmover@online.no
Petter Melchior, 6214 Norddal	Styremedlem	<b>Møtt</b>	92283477	petter.melchior@gmail.com
Odd Bjarne Bjørdal, 6156 Ørsta	Styremedlem	<b>Møtt</b>	95928731	oddbjarne.bjordal@tussa.com
Vegard Smenes, 6530 Averøy	Styremedlem	<b>Møtt</b>	99786830	vsmenes@gmail.com
Marte Halvorsen, 6687 Valsøyfjord	1. vara	<b>Møtt</b>	93423436	marte.halvorsen@svorka.net
Merete Bolme, 6613 Gjøra	Nestleder BKL	<b>Forfall</b>	90967963	mbolme@outlook.com
Edvard Bele Sæterbø, 6650 Surnadal	Fylkesleder BU	<b>Forfall</b>	95524840	edvardbele@msn.com
<b>Til orientering:</b>				
Rita Dyrnes Flatvad, 6612 Grøa	2. vara		90755034	rita.flatvad@gmail.com
Tore Våde, 6110 Austefjorden	3. vara		91689336	tore.vade@tussa.com
<b>Sekretariatet</b>				
Arnar Lyche	org.-sjef	<b>Møtt</b>	41418871	arnar.lyche@bondelaget.no
Arild Erlien	rådgiver	<b>Møtt</b>	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	førstekonsulent		90954787	atle.frantzen@bondelaget.no
Rose Bergslid	rådgiver	<b>Møtt</b>	93003808	rose.bergslid@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i M&R Bondelag onsdag 4. januar 2017 kl 10.30 – 15.30 på Felleskjøpets møterom i Molde

### Faste saker for styret i Møre og Romsdal Bondelag:

#### 1/2017 Godkjenning av sakliste

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjent

#### 2/2017 Godkjenning av protokoll fra styremøte 14. desember 2016

**Vedlegg:** Protokoll, som også er utsendt og godkjent på e-post tidligere.

**Vedtak:** Protokoll fra styremøte 14. desember godkjent

#### 3/2017 Medlemsutvikling og medlemsverving

**Vedlegg:** Medlemsstatistikk pr 31. desember 2016 ble utdelt på møtet

**Medlemstall pr 31/12-2015: 3.307**

Endring i 2016: + 7

**Medlemstal pr. 31/12-2016: 3.314**

Nyinnmeldte i 2016: 151

#### 4/2017 Referat fra møter og arrangementer (siden siste styremøte)

**16. desember: Telefonmøte Vestlandfylka om jordbruksmeldinga.** Oddvar Mikkelsen, Arnar Lyche

Deltakere var fylkesledere og organisasjonssjefer i de tre fylkesbondelagene.

Etter møtet ble det sendt brev til styret og ordfører i Norges Bondelag med innspill til drøftingene i det ekstraordinære representantskapsmøtet 11. januar. De ønsker at representantskapsmøtet legger opp til en diskusjon om det vil være strategisk rett å arbeide for å avvise hele meldinga og be Stortinget sende henne i retur til regjeringa.

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 41 41 88 71	<b>E-postadresse</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.12891	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA			www.bondelaget.no/moreogromsdal

**28. desember: Møte med stortingsrepr. Pål Farstad, Venstre.** Oddvar Mikkelsen

Tema: Jordbruksmeldinga.

**4. januar: Møte med KrF's stortingskandidat Steinar Reiten, Averøy.** Oddvar Mikkelsen.

Tema: Jordbruksmeldinga.

**4. januar: Møte med TYR, Averøy. Leif Helge og Konrad Kongshaug.** Oddvar Mikkelsen.

Leif Helge Kongshaug er leder i TYR sentralt.

### **5/2017 Representasjon, invitasjon og planlegging av nye møter og arrangement**

<b>Dato/Månad</b>	<b>Tiltak/Arrangement</b>	<b>Stad</b>	<b>Deltakarar/Ansvarlege</b>
<b>4. januar</b>	Fylkesstyremøte		Styret
20. januar	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
jan / feb.	Møte i valnemnda		
ca. 1. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
28.-29. Jan	Samling for unge bønder		
<b>15. februar</b>	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
24. Feb	Lokallaga frist <b>uttale jordbruksavtala</b>		
1. mars	Kontingentforfall		
<b>3. mars - fre</b>	<b>Landbrukskonferanse</b>	Alexandra, Molde	Landbruksinteresserte
<b>4. mars - lør</b>	<b>Årsmøte M&amp;R Bondelag</b>	Alexandra, Molde	Lokallaga, fylkeslaget
<b>9. mars</b>	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)		Styret og samvirkerepr
<b>6.-7. april</b>	Fylkesstyremøte		
<b>1. juni</b>	Styremøte og møte med årsmøteutsendingene		

**6. januar: Møte mellom fylkesstyret i Høyre og Bondelaget. Høgskulen i Ålesund.** Oddvar

Mikkelsen, Gunnhild Overvoll, Arnar Lyche

Tema: jordbruksmeldinga. Innspill til Høyres stortingsvalgprogram.

**10. januar: Mat og landbruk. Oslo.** Oddvar Mikkelsen

Arrangør: Norsk Landbrukssamvirke

**11. januar: Representantskapet i Norges Bondelag.** Oslo. Oddvar Mikkelsen. Arnar Lyche

Tema: Vedtak/resolusjon om regjeringens jordbruksmelding

**12. januar: Organisasjonssjefsamling, Norges Bondelag, Oslo.** Arnar Lyche

**18. januar: Kornkonferanse, Oslo.**

**27. januar: Midt-Norsk samarbeidsråd, Stjørdal.** Oddvar Mikkelsen, Arnar Lyche.

Foruten vanlige årsmøtesaker planlegges det møte om Ny landbruksmelding og konsekvenser for Midt-Norge: Statsråd Dale presenterer ny landbruksmelding. Innlegg fra forskerhold (Bjørn Egil Flø?) Kommentar fra Lars Petter Bartnes, leder Norges Bondelag. Paneldiskusjon med Tine (Nils Asle), Nortura (Oddveig Gikling-Bjørnå), FKA (Harald Lein), NBS (Stein Brubæk) og NB (Lars Petter Bartnes). Debattleder Øystein Syrstad

**28.-29. januar: Unge Bønder samling, Hotel Sagafjord, Sæbø i Ørsta.**

Samarbeid med Tine, Nortura og Felleskjøpet.

**1. februar: Møte i styringsgruppa for prosjekt «Økt sau og storfeproduksjon i Møre og Romsdal»**

Avtroppende leder i styringsgruppa Inge Martin Karlsvik og fylkesstyrets nyoppnevnte repr i gruppa, Odd Bjarne Bjørdal, møter for Bondelaget.

Møtet skal drøfte ny prosjektplan for utviding av prosjektet.

**6. februar: Debattmøte om landbruk, reiseliv og næringsmiddelindustri, Stranda**

Arrangør: Møre og Romsdal Bondelag

Tema: Jordbruksmeldinga med utgangspunkt i både landbruk, næringsmiddelindustri og reiseliv.

Program:

- Christian Anton Smedshaug presenterer rapport om vestlandsjordbruket og ser jordbruksmeldinga i lys av den.
- Innleder som representerer næringsmiddelindustrien.
- Innleder som representerer reiselivet.
- Politikerdebatt

**11. februar: Temadag Eierskifte, Hotell Ivar Aasen, Ørsta**

Tilsvarende samlinger siste åra har vært så populære at Møre og Romsdal Bondelag på nytt inviterer til samling med tema Eierskifte i landbruket. **Advokat Ole Houlder Rødstøl dekker det faglige innholdet.** I det daglige er han partner i advokatfirmaet Øverbø Gjørtz med kontor i Molde. Han er samarbeidsadvokat for Norges Bondelag.

**Det blir fokus på:** Planlegging av eierskifte. Gjennomføring av eierskifte. Hva partene kan gjøre på egen hand og hva det bør søkes hjelp til for å unngå gjøre feil, m.v. **Målgruppe** er i utgangspunktet alle som har tilknytning til garden, både ny og gammel generasjon, som skal inn i eller er inne i en eierskifteprosess.

**27. mars – 7. april: Vårkampanjen 2017 Norges Bondelag****Søndag 27. august: Åpen gård 2017**

Fellesdatoen for Åpen Gård-arrangementer vil i 2017 være søndag 27. august.

Det vil være mulig å melde på sitt arrangement rett over nyttår, med påmeldingsfrist 15. april.

**6/2017 Lokallagene - presseklipp, aktiviteter og møter****7/2017 Andre saker****7. 1. Saker frå Bygdekvinnelaget****7.2. Saker frå Bygdeungdomslaget**

**SAK 1/2017: Jordbruksmeldinga****Vedlegg:**

- Fortrolig notat fra Norges Bondelag datert 22. desember med omtale av jordbruksmeldinga og forslagene: Regjeringen vil – med en kort omtale og NB's konsekvensvurderinger.
- Innspill fra Bondelagene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fra telefonmøte 16. desember om at drøftingene i det ekstraordinære representantskapsmøtet legger opp til en diskusjon om det vil være strategisk rett å arbeide for å avvise hele meldinga og be Stortinget sende henne i retur til regjeringa (sendt på e-post og utdelt på møtet)
- Innspill fra Landbruk Nordvest datert 2. januar (sendt på e-post og utdelt på møtet)
- Innspill frå Eidsdal og Norddal Bondelag datert 3. januar (sendt e-post og utdelt på møtet)
- Utkast frå Oddvar Mikkelsen til bakgrunnsdokument og sammendrag av jordbruksmeldinga datert 3. januar (sendt på e-post og utdelt på møtet)

**Vedtak:**

Jordbruksmeldinga er et så massivt angrep på den norske landbruksmodellen at styret i Møre og Romsdal Bondelag mener partiene på Stortinget, basert på næringskomiteens behandling av jordbruksoppgjørene i denne stortingsperioden, skal sende meldinga tilbake til regjeringa og be om ei melding som er i tråd med det stortingsflertallet har vedtatt.

Med de endringer som kom fram i drøftingene, sluttet styret seg til det framlagte bakgrunnsdokumentet og sammendraget av meldinga, som fylkeslaget bruker som informasjon og bakgrunn i møter med politikere og politiske partier. Dokumentet følger som vedlegg til saka.

**Saksutredning:**

Landbruks- og matminister Jon Georg Dale la fram regjeringas jordbruksmelding 9. desember.

Papirutgave av meldinga på 162 sider ble delt ut på fylkesstyremøtet 14. desember.

9. desember var det telefonmøte kl. 19.30-20.30 for styret om ny Stortingsmelding om landbruk. Frå styret: Oddvar Mikkelsen, Gunnhild Overvoll, Petter Melchior, Vegard Smenes, Marte Halvorsen. Forfall: Odd Bjarne Bjørdal. Frå fylkeskontoret: Arild Erlien og Arnar Lyche

Fylkeslaget sendte ut 4 leserinnlegg, som alle står på hjemmesida:

- 11. desember: Oddvar Mikkelsen: - Vi lyttar med stor interesse og betydeleg skepsis
- 16. desember: Petter Melchior: Auka risiko for geitebøndene
- 22. desember til Sunnmørsposten: Oddvar Mikkelsen: Kven sit i skyttargrava no?
- 2. januar til media i M&R (ikkje Smp): Oddvar Mikkelsen: Dale er for skråsikker

16. desember ble det holdt telefonmøte mellom fylkesledere og organisasjonssjefer i Bondelagene Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal om landbruksmeldinga. Oddvar Mikkelsen og Arnar Lyche deltok frå Møre og Romsdal.

Norges Bondelag har behandling av jordbruksmeldinga slik:

- styremøte torsdag 5. januar
- ekstraordinært møte i representantskapet onsdag 11. januar.

Det legges ikke opp til en separat høringsprosess på jordbruksmeldinga i fylker og lokallag. Men Møre og Romsdal Bondelag sendte i e-post 22. desember til tillitsvalgte i lokale Bondelag oppfordring om å komme med innspill innen 2. januar. Fylkeskontoret har ikke mottatt innspill så langt.

På styremøtet 4. januar kommer styret med innspill på jordbruksmeldinga som fylkesleder kan ha med seg til møtet i representantskapet.

- Fylkesleder Oddvar Mikkelsen deler ut på møtet et utkast til kortfattet notat om meldinga som kan brukes overfor politikere og i det politiske arbeidet.
- Styret drøfter og vedtar vektlegging av momenter og prioriterte saker som fylkesleder bør ta opp i sitt innlegg i møtet i representantskapet 11. januar.

## **SAK 2/2017: Innspill til aksjonskomiteen Norges Bondelag**

**Vedlegg:** Side 41 og 42 i studieheftet 2017 om aksjoner

### **Vedtak:**

Ideer og planer som kom fram i styrets drøfting blir tatt med videre av fylkesleder til møtene i aksjonsutvalget.

Fylkeskontoret utarbeider i samarbeid med Arbeidsutvalget de endelige aksjonsplanene for Møre og Romsdal, som eventuelt drøftes på senere styremøte, eller sendes til gjennomlesing og vurdering i styret.

### **Saksutredning:**

Aksjonsutvalget i Norges Bondelag består av leder Einar Frogner, styremedlem i Norges Bondelag, Oddvar Mikkelsen fylkesleder i Møre og Romsdal, Trond Ellingsbø fylkesleder i Oppland, Astrid Solberg, organisasjonssjef, Tora Voll Dombu, leder i NBU, Lise Boeck Jakobsen, kommunikasjonsjef og Unni Hellebø Andreassen, organisasjonssjef i Troms.

Målet er alltid å forhandle seg fram til en avtale, men er det ikke mulig, skal Bondelaget gjennomføre aksjoner. I henhold til Norges Bondelags lover skal alle lokallag ha aksjonsberedskap.

Utvalgets oppgave er å vurdere og å foreslå aksjoner hvis det blir brudd i jordbruksoppkjøret i valgåret 2017. Utvalget skal ferdigstille sitt arbeid i løpet av sen vinteren. Fristen for innspill er 13. januar 2017. Aksjonsutvalget ønsker spesielt innspill på følgende:

- Etter bruddet i 2014 har aksjonsplanene inneholdt snille og rolige aksjonsformer som ikke rammer tredjeperson. Bør vi planlegge tøffere og mer slagkraftige aksjonsformer i år?
- Hva slags aksjoner er aktuelle etter ditt lokallags oppfatning?
- Kommunikasjonsformer – hvordan bruke mediene på en kraftfull måte?
- Hvordan kan vi overraske med aksjonsformer som både er tydelige og samtidig vekker sympati og forståelse blant folk flest?

FORTROLIG - Skriftlig referat fra Oddvar etter møtet i utvalget 28. november:

Vi ber nå om innspill. Enighet om å bli litt tøffere. Bruk av sosiale medier før under og etter forhandlingene. Forslag om å blokkere uttransport fra grossistlager tilhørende butikkjedene: Askø, Rema, Coop. Vurdering av om vi skal ha innspillrunde med lokallagene eller bare fylkeslagene.

Oddvar Mikkelsen orienterte på styremøtet om arbeidet i aksjonsutvalget

**SAK 3/2017: Innspill til valgnemnda i Norges Bondelag 2017**

**Vedlegg:** Brev fra valgnemnda

**Forslag til vedtak:**

Styret tar igjen saka på styremøtet 15. februar, og sender da brev til valgnemnda der fylkeslaget kommer med vurdering av aktuelle kandidater slik det kommer fram i drøftingene i styret. Forslag på kandidater er fortrolig og følger som vedlegg til protokollen.

**Saksutredning:**

Valgnemnda har startet sitt arbeid og ønsker å ha samme prosess for innspill som i 2016. Nestleder i Møre og Romsdal Bondelag, Gunnhild Overvoll, er medlem i valgnemnda.

Valgnemnda skriver i brev til fylkeslagene:

Vi ønsker at hvert fylke evaluerer sittende styre i Norges Bondelag og gir en tilbakemelding til valgnemnda både på hva som fungerer bra og hva som kan bli bedre. Vi ber at dere tenker over hvilke egenskaper og kompetanse som dere mener er viktige hos de tillitsvalgte i styret i Norges Bondelag, og tenk gjerne langsiktig!

Vi ønsker innspill på kandidater som kan være aktuelle til styreverv i 2017 og kommende perioder. Vi ønsker oss minst 2 navn (en kvinne og en mann) fra deres egen region og minst 2 navn (en kvinne og en mann) fra andre landsdeler. Vi ber dere gjøre oss oppmerksomme på om kandidaten er forespurt på forhånd eller ikke.

Fristen for tilbakemeldinger fra fylkene er 15. februar 2017, men de må gjerne komme før.

Valgnemnda vil ikke offentliggjøre svarene vi får fra de som er på valg. Det vil være opp til kandidaten selv å vurdere om svaret skal offentliggjøres eller ikke.

**Valg som skal forberedes til årsmøte 2017:****Styret i Norges Bondelag:**

- Leder for 1 år                      Lars Petter Bartnes, Nord-Trøndelag
- 1. nestleder for 1 år              Bjørn Gimming, Østfold
- 2. nestleder for 1 år              Brita Skallerud, Akershus

**4 styremedlemmer for 2 år:**

- Einar Frogner, Hedmark
- Arnstein Røyneberg, Rogaland
- Nils Asle Dolmseth, Sør-Trøndelag (Tine)
- Oddveig Gikling-Bjørnå, Møre og Romsdal (Nortura)

**Følgende ble valgt i 2016 og er ikke på valg i 2017**

Birte Usland, Vest-Agder

John-Erik Johansen, Nordland

Arne Elias Østerås, Hedmark, (Felleskjøpet)

**Varamedlemmer i nummerorden for 1 år**

1. Bodhild Fjelltveit, Hordaland
2. Einar Myki, Hedmark
3. Mette Pedersen Anfeltmo, Troms

**Ordfører og varaordfører for 1 år:**

**a) Ordfører:** Arne Magnus Aasen, Møre og Romsdal

**b) Varaordfører:** Kjerstin G. Lundgård, Hedmark

**c) 2 varamedl. i nr-orden:** 1. Martha Irene Mjølnerød, Østfold og 2. Asgeir Slåttnes, Troms

## VEDLEGG TIL: SAK 1/2017: Jordbruksmeldinga

### Samandrag av jordbruksmeldinga

(Dokumentet er gjennomgått og vedteke av styret i Møre og Romsdal Bondelag 4. januar 2017)

**Jordbruksmeldinga er eit stort steg vekk frå den norske landbruksmodellen og den forhandlingsmodellen vi kjenner frå heile den norske samfunnsutviklinga sidan 1930-talet med forhandlingar mellom partar i næringslivet og mellom næringar og staten. Meldinga inneheld lange kapittel med positiv omtale om jordbruket og utviklinga som har skjedd innanfor den rådande modellen. Likevel kan ikkje meldinga oppfattast som anna enn eit massivt angrep på verkemidla i den modellen som har gitt desse gode resultat.**

Når ein skal diskutere jordbruksmeldinga er det viktig at ein ikkje går seg bort i teknikalitetar, men ha ein overordna inngang til vegen framover for landbruket.

Meldinga bygger på stortingsvedtaket etter brotet i 2014 og på regjeringsplattforma og samarbeidsavtalen. Det er ikkje Frp sin politikk, men ber likevel sterkt preg av deira innretting.

Målet med Stortingets behandling må vere å utvikle svar på kva som er framtidens mulegheiter for landbruket og kva krav som skal bli stilt til næringa.

Står partia fast på at dei betydelege endringane som vart gjort i innretting av strukturverkemidlar i 2014 var riktige? Skal ein gå vidare på – og forsterke desse slik meldinga legg opp til eller stoppe opp og trekke med seg mindre bruk og distriktsjordbruket oppover i inntekt?

Driftsgranskingane viser at snittinntekta til bønder i Vestlandsfylka har stått i ro, medan det for landet har vore god auke. Auken kjem av fleire årsakar. Stor tilskotsauke til store bruk er ein viktig faktor. Gode avlingsår ein annan, og godt driftsresultat i TINE med stor etterbetaling på mjølkeprisen er ein tredje. Det at Vestlandsbøndene sakkar etter landssnittet har ein hovudårsak, nemleg storleiken på bruka. Vi har ikkje og vil heller ikkje kunne få like store bruk som ein del andre område, dermed vil endringa i strukturverkemidla svekke Vestlandet som landbruksregion dersom det ikkje blir teke betydelege motsvarande grep i distriktsverkemidla.

**Meldinga har som grunnretning at jordbruket skal effektiviserast** i betydninga kostnadseffektiv med minst mogleg arbeidsinnsats på færre og større bruk. Meldinga manglar strategi for effektivisering i tydinga arealeffektivitet eller klimaeffektivitet. Det er vidare ei grunnhaldning gjennom meldinga at jordbruket skal innstillast på auka konkurranse og tilpassast auka frihandel med jordbruksvarer i tråd med det som er hevda å vere fastlagt i eksisterande og framtidige handelsavtalar. Vestlandsjordbruket har driftskostnader som gjer at vi er dømt til å tape ein slik konkurranse både mot innlandske og utanlandske konkurrentar dersom vi ikkje går over til å produsere spesielle varer som anten faktisk eller oppfatta skil seg slik frå alle andre at betalingsviljen aukar. På like produkt vil vi tape.

**Meldinga legg vidare opp til sentralisering** av produksjonen av egg og kvitt kjøtt. Det står konkret at desse produksjonane må finne si lokalisering i tråd med marknadsøkonomiske prinsipp. Vi kan ikkje anna enn anta at det vil resultere i forslag om kutt i distriktstilskot til slike produksjonar og i fraktordningar. Det vil gje eit fattigare distriktslandbruk, og vil også ramme foredlingsindustri i distrikta.

**Forenkling:** Det står at det skal stillast krav til partane i jordbruksoppgjeret at det skal gjennomførast forenklingar i kvart oppgjer med mål om at antal tilskotsordningar skal reduserast til sju. Det vil føre til langt mindre mulegheit til å påverke politikken i ønska retning. Vi vil ikkje kunne arbeide så målretta som i dag. Dersom næringa og politikarane skal kunne ha ei viss styring på retninga for jordbruket, treng ein verkty av fleire slag i verktykassa. Tilskotsordningane og målprisar er desse verktya.

Ein kan spørje seg kva slags forenkling regjeringa er ute etter. Eit omfattande verkemiddelapparat er ikkje spesielt krevjande for bøndene. I snitt brukar vi under ein halv time to gonger i året på å fylle ut søknadsskjema om produksjonstilskot. Vi kan heller ikkje sjå at det er spesielt mykje å tene for forvaltninga på å redusere antal ordningar. Ordningane er klårt definerte og med gode datasystem kan det ikkje vere spesielt meir krevjande å saksbehandle kvar enkelt søknad om det er søkt på fleire ordningar. Kvar enkelt bonde søker uansett berre på eit fåtal ordningar, men vi har ordningar tilpassa ulike produksjonar. Det kan sjå ut til at det som blir omtala som forenkling er å få eit så snevert system at heile verkemiddelsystemet kan presenterast på ein enkel powerpointplansje. Det tener ingen at systemet blir mindre målretta og finmaska. Derimot taper både landbruket og samfunnet på det.

**Det er vidare lagt opp til at målpris forsvinn frå fleire produkt.** Det blir dermed færre prisar å forhandle om i jordbruksoppgjeret. Når det både blir færre prisar og færre tilskotsordningar vil betydninga av jordbruksoppgjeret bli betydeleg svekka. Både når det gjeld retning og totalbeløp vil jordbruksavtalen bli svekka. Landbruket vil få langt mindre innverknad på rammebetingelsene for næringa og det er eit klart steg vekk frå den norske forhandlingsmodellen slik vi og kjenner den frå det øvrige næringslivet, og i retning av at marknaden styrer. Sjølv om meldinga klart formulerer at jordbruksforhandlingane skal bestå, så legg meldinga i sum opp til å svekke og på sikt fjerne forhandlingane.

**Investeringsbehovet i landbruket** er svært lite behandla i meldinga. Dette må Stortinget gå grundig inn i. Korleis løyser vi det store behovet for investeringar etter svært lite aktivitet i perioden slutten på 80-talet til ca 2005. Fram mot 2034 er det svært stort behov for investeringar i bygningar til storfe. Det må kunne forventast at ei jordbruksmelding drøftar eit så viktig tema som kapitaltilgang for næringa på ein grundig måte.

Det blir lagt opp til at det ikkje lenger skal kunne gjerast lokale tilpasningar i tildelingskriterier for IBU-midlar frå Innovasjon Norge, men at det skal einsrettast med like reglar for heile landet. For ei så stadbunden næring der klima og geografi har så stor påverknad på korleis den enkelte næringsutøvar kan tilpasse seg, så vil det vere avgjerande at investeringar blir gjort på ein godt tilpassa måte og at regelverket legg til rette for dette.

**Marknadsbalansering:** Vi kan diskutere dei enkelte sektorane i marknadsbalanseringa, men lat oss først få ein overordna diskusjon om korleis vi balanserer marknaden i ein situasjon da vi oppfyller produksjonsmåla på dei fleste produkt utanom storfekjøtt og enkelte grøntprodukt. Dette er ikkje godt debattert i meldinga. Konsekvensanalysane er mangelfulle. Det vil føre for langt å gå inn på dette her. Konkret kan vi nemne tre produksjonar:

Geit: Det er forslag om å fjerne heile marknadsreguleringa på geitemjøl, og gjennomføre geografisk betinga oppkjøp av kvotar for å redusere produksjonen ned til dagens forbruk. Det er svært uheldig for ei næring som nyleg har gjennomført storstilt sanering, har fått svært god helsetilstand i besetningane, og svært god mjølke kvalitet. Det er oppnådd god effekt av marknadstiltak i det siste og næringa er offensiv sjølv om den er lita. Mange har nyleg investert og forslaget er et svært uheldig signal til dei som har satsa.

Egg: Same argumentasjon for mottaksplikt på egg som på ost. Det er ikkje eggpakkeri på Vestlandet. Våre eggprodusentar vil bli taparar dersom distriktstilskot forsvinn, fraktordningane svekka og mottaksplikta forsvinn. Det same gjeld svineprodusentane.

Marknadsordninga for korn: Den fungerer slik i dag at når ein marknadsaktør er ansvarleg for å ta ut målprisen, så vil den bli nådd. Dersom direktoratet skal ta over den rolla, kven skal da aktivt arbeide for å ta ut målprisen? No når aktørane i marknaden har kome til felles forståelse for at andrehandsmarknaden må fungere, så er det ikkje tenleg å endre på ansvars plasseringa for kornmarknaden. Det verkar å vere eit mål i seg sjølv av bøndene sjølv ikkje skal ha hand om å balansere marknaden for eigne produkt, men er det betre at staten gjer det?



At kornmarknaden fungerer er og viktig for distriktsjordbruket og for konkurransen mellom kraftfôrtilbydarane over heile landet. Vi må ikkje la Felleskjøpet som den dominerande aktøren bli fri frå dei pliktene som ligg i regulatoransvaret. Da vil dei lett kunne bli monopolistar i sluttmarknaden.

**Velferdsordningar:** Det er ikkje tatt opp betring av noko velferdsordning. Spesielt saknar vi ein diskusjon om sjukdoms- og svangerskapsordningar for sjølvstendig næringsdrivande som kanskje er i ein situasjon der dei er nyinvestert med stor gjeld og låg næringsinntekt og dermed dårleg grunnlag for sjukepengar og svangerskapspengar. Dette er eit stort problem, ikkje berre innan landbruket.

Det er diskutert tidlegpensjon og avløyning for ferie og fritid. Sjølv om det er mange bønder som kunne ønske at dokumentasjonskravet for avløyning blir fjerna og at dei kunne bruke pengane slik dei sjølv vil, så vil vi peike på at mange som har anstrengt likviditet vil finne det vanskeleg å bevilge seg tilstrekkeleg fritid dersom pengane ikkje lenger er øyremarka til formålet. Det vil på sikt kunne gå ut over både helse og familieforhold. Det er vidare frykt for at mindre bruk av avløyning til ferie og fritid vil gjere det vanskeleg å ha tilstrekkeleg tal erfarne avløyningar til å sette inn ved sjukdom.

Den foreslåtte modellen med å flytte beløpet som i dag går til avløyning over på dyretilskotet kan ved første augkast verke fornuftig, men avløyartilskotet har eit tak på ca 74.000 kroner. I praksis ligg det eit strukturverkemiddel der. Ved flytting til husdyrtilskotet vil dette forsvinne og det vil bli ei stor omfordeling av ca 1,2 mrd kroner, der mindre bruk kan oppleve meir enn ei halvering av beløpet medan dei største bruka kan få meir enn tre gongar større beløp.

**Inntektsmålet** er drøfta i meldinga. Formuleringane omkring dette er ei klår svekking samanlikna med det som ein einstemmig næringskomite sa under behandlinga av årets jordbruksoppgjær. Vi forventar at Stortinget står på dei formuleringane dei vedtok for eit drygt halvår sidan, og ikkje går så klårt tilbake på dette i meldinga. Frå jordbruket si side er det ei heilt uakseptabel haldning til jordbruksnæringa som ligg i meldinga sine formuleringar kring dette.

I juni 2016 hadde ein samla næringskomite denne merknaden: *Komiteen legger til grunn at utøverne i jordbruket skal ha reelle muligheter til samme inntektsutvikling som andre i samfunnet. For å sikre rekruttering og inntektsmuligheter for dem som bruker hele eller mesteparten av arbeidskraften sin i næringen, er det viktig å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre i samfunnet.*

Dette er i praksis meir enn kronemessig lik inntektsutvikling, i motsetnad til meldinga si formulering om prosentvis lik utvikling, med forbehold om at ikkje andre ting er viktigare.

Ein må kunne forvente at det er ein viss stringens i Stortingets standpunkt i eit og same spørsmål med eit halvt års mellomrom.

**Prioritering av utmarksbeite.** Det blir hevda at den foreslåtte prioriteringa av utmarksbeite er eit godt tiltak for distriktsjordbruket. Det kan stemme, men det er og utmark i dei sentrale områda. Det er vidare teke til orde for å slå saman dei to beiteordningane til ei, og då prioritere tilskot til utmarksbeite. Det er uheldig av to årsakar. For det første er det ein del dyr, først og fremst mjølkekyr og unge kalvar som ikkje vil ha tilfredsstillande tilvekst og produksjon på utmarksbeite. Kyr som skal inn til mjølking må beite nært fjøset og det vil i dei fleste tilfelle bli på innmark. Det er krav til at dyra skal ut, og beitetilskotet på innmark er ein viktig økonomisk stimulans til å løyse dette på ein god måte for dyrevelferden, produksjonseffektiviteten og arbeidsbelastninga for bonden.

Det er vidare slik at ein del av våre mest verdfulle kulturlandskap er innmarksbeiter. Dersom tilskot til bruk av innmarksbeite forsvinn vil dette kunne vere skadeleg for skjøtselen av slike landskapsområde.

**Klima:** Landbruket er offensive når det gjeld tiltak som reduserer klimaavtrykket frå matproduksjonen. Det er likevel viktig at Stortinget tek inn over seg at biologiske prosessar nødvendigvis vil føre til utslipp av CO<sub>2</sub>, metan og lystgass i eit visst omfang. Måten ein driv jorda på og måten ein forar dyra på, har likevel klar effekt. Vi håpar at partia tydeleg vektlegg verdiskaping, og at det for jordbruket sin del blir

synleggjort at vi i vårt klimaarbeid skal sikte på redusert utslipp pr produsert eining. Vi ønsker ikkje at det skal innførast noko form for flat CO2 avgift i næringa. Vi fryktar at tankegodset frå grøn skattekommisjon igjen skal kome fram. Vi meiner det er store svakheiter i arbeidet som vart gjort der. Ein må utvikle gode reknemodellar for utslipp og ikkje bruke forenkla sjablongmodellar der effektar av ulike driftsopplegg ikkje blir premierte.

Avgift på kjøtt, eller på raudt kjøtt, er ikkje vegen å gå, men heller stimulere til rettare produksjonsmetodar. Import av kjøtt vil vere CO2-lekkasje til landa det blir importert frå. Det betrar kanskje den norske klimarekneskapen, men det gagnar ikkje det globale klimaet.

**Myr dyrking:** Vi vil snart legge fram eit notat om klimaeffektar av dyrking av myr. Vi meiner generelt at det blir feil å belaste ei næring for klimaeffektar ved bruk av myr medan andre næringar (samferdsel, bustadbygging osv) ikkje blir belasta for tilsvarande effekt av deira tiltak.

Vi meiner vidare at det må vere meir nyansert debatt omkring dette, og at ein må sjå det ut frå kva alternative areal ein har i regionen og kva venta klimaeffekt dei aktuelle areala vil gi ved dyrking. Smøla er eit eksempel. Myr på ca ein meter med berg under.

**Regionar for omsetning av mjølkekvote.** Det er foreslege å redusere antal regionar frå dagens 18 (fylka) til ned mot ti. Når inngangen til diskusjonen er kor få regionar ein kan få til, blir det uaktuelt for oss å bli med på ein diskusjon, men dersom inngangen er korleis ein skal innrette grensene, kanskje heilt på tvers av fylkes-/regiongrenser, på ein slik måte at ein sikrar at grasareala i distrikta blir bruka til verdiskaping gjennom mjølkeproduksjon, så kan vi gå inn i ein diskusjon om dette. Blir dette gjort feil, vil det medføre stort potensiale for flytting av kvote frå næringsvake område til område med gode agronomiske forhold eller eit aktivt mjølkeprodusent miljø.

**Sjølvforsyning:** Vi saknar meir fokus og tydelege mål på kor omfattande jordbrukssektoren skal vere. Kor stor del av landets matforsyning skal vi kunne skaffe frå innanlandsk produksjon? I ein krisesituasjon vil dette raskt bli heilt avgjerande for heile befolkninga.

**Norske ressursar:** Vi saknar ei målsetting om bruken av norske forressursar. Vi saknar og fokus i meldinga på betydninga av det forkornarealet som er grunnlaget for meir norsk råvare i kraftfôr. Det er mest fokus på dei ca 20 % av eigna areal for korndyrking som går til matkorn. Dei øvrige 80 % er viktigare, men blir for lite vektlagt i meldinga

**Beredskap:** Sundvollen-erklæringa si formulering: *Arbeide for en høyest mulig selvforsyning av mat av beredskapshensyn*, finnes ikkje i meldinga.

**Flytting av tilskotsforvaltninga/kontrollen frå kommune til fylke:** Vi meiner at det er eit oppkonstruert problem at lokal kjennskap skapar utfordringar i kontrollsamheng. Tvert imot er lokal-kunnskap til både folk og areal viktig for å avdekke feil og manglar i søknadane. Når det er oppgitt at eit stor antal søknader inneheld feil så er nok dei fleste av desse anten arealfeil der digitale kartverk blir endra og viser bagatellmessig andre tal enn det brukaren har oppgitt. Andre feil er reine tastefeil der det er avkryssa i feil rubrikk. Dette skjer sjølvstundt i dei fleste tilfelle ikkje som forsøk på å skaffe seg tilskotsmidlar på uredeleg vis, og kan lett avklarast av ein kontrollør med lokalkunnskap.

Fjerning av tilskotskontrollen frå kommunane vil svekke bemanninga på landbruk på kommunehusa rundt om og dermed svekke kunnskapen om jordbruk. Vi ser tydeleg samheng mellom god kunnskap i kommunen, og eit aktivt og satsingsvillig jordbruk i kommunen. Tala viser og at pengebeløpa som tilflyt kommunane gjennom fylkesvise og statlege midlar til jordbruk heng saman med at kommunen har ein oppegående landbruksetat.

**Konklusjon:**

Dette er ein gjennomgang av delar av meldinga og er ikkje uttømmende. Mykje kunne vore sagt om fleire av dei konkrete «regjering vil»-punkta. Det bør likevel vere tilstrekkeleg med eksempel her til at vår konklusjon blir forståeleg:

Meldinga er eit så massivt åtak på den norske landbruksmodellen at det må vurderast av partia på Stortinget om dei med henvisning til næringskomiteens behandling av jordbruksoppgjera i denne Stortingsperioden skal sende meldinga attende til regjeringa med bestilling av ei melding som er i tråd med det stortingsfleirtalet står for.

Å kutte vekk nokre av dei foreslegne «regjering vil»-punkta vil ikkje endre den grunnleggande retninga i meldinga. Det må store endringar i teksten til dersom meldinga ikkje skal resultere i dramatisk svekking av jordbrukets påverknadskraft på eigne rammebetingelsar, svekking av småskalalandbruket og den allsidige produksjonen spreidd over heile landet, svekking av velferdstilbod, svekking av inntektsmål, større risiko for den enkelte, sentralisering av enkelte produksjonar, med den effekten det kan ha for til dømes smittevern, redusert mulegheit for politikarane til å målrette tiltak retta mot oppfylling av jordbrukets samfunnsoppdrag som kjem som effekt av og i tillegg til matproduksjonen.